

Ei verd utan krig?

Tema: Reflekterande skrivning. Skriveoppgåve i samband med Nobels fredspris og FN-dagen.

Mål: Uttrykke og grunngi egne tankar og meiningar om samfunnsspørsmål gjennom reflekterande skrivning.

Om opplegget: Målet med oppdraga er å trene elevane i reflekterande skrivning. Det er viktigare at elevane skriv om egne tankar og meiningar, enn at teksten blir heilskapleg og gjennomarbeidd med tanke på struktur, språk, tematikk og avsnitt. Derfor får elevane kort tid på skrivinga, og dei får ikkje fleire «kriterium» enn dei enkle skrivetipsa knytte til oppgåva. For å gi elevane best moglege føresetnader for oppgåva kan dei få skriveoppgdraget i samband med undervisningsopplegg om relevant tematikk i KRLE eller samfunnsfag. Opplegget passar for 9. og 10. trinn.

Omfang: Viss elevane har sekstiminuttstimar, er det mogleg å gjennomføre både deloppdrag 1 og 2 i løpet av éin undervisningstime. Eventuelt kan arbeidet med deloppdrag 2 avsluttast som heimearbeid til neste time.

Lærestoff: Kurs 4.6 i *Nye Kontekst 8–10*

Eleveoppgdraget

Deloppdrag 1: Diskuter spørsmåla to og to. Grunngi tankane dykkar i samtalen.

- Kva er fred?
- Trur du på ei verd utan krig?
- Viss ein fjerna all krig på jorda, korleis ville verda sett ut? Korleis ville det endra verda?
- Kan krig føre til noko positivt?
- Kva skaper krig? Kvifor krigar menneska?
- Kva skaper fred?
- Korleis vil du bidra til å skape fred? Kan enkeltmenneske skape fred?
- Kva er makt? Korleis heng orda *makt*, *krig* og *fred* saman?

Deloppdrag 2: Individuelt arbeid

Du skal no skrive ein reflekterande tekst. Ta utgangspunkt i *kunnskapen* du har om verda, *meningane* og *tankane* dine, og *diskusjonen* du nettopp hadde med læringspartnaren din. Vel ei av oppgåvene nedanfor og skriv om temaet. Nytt tipsa du finn under oppgåvene.

SKRIVEEMNE 1: Før 1977 hadde berre tre kvinner fått Nobels fredspris. I 2016 tel vi framleis berre seksten kvinner som har mottatt den prestisjetunge prisen. Til langt ut i 1960-åra var fredsprisvinnarane i hovudsak kvite menn frå USA og Europa. Frå 1980-åra av har den geografiske bakgrunnen endra seg kraftig. Av prisvinnarane frå 1980 til 2007 var to tredelar frå land utanfor Nord-Amerika og Europa.

(Kjelde: www.nobelpeaceprize.org/nb_NO/home/)

Skriv ein tekst med tittelen: *Kven har makta i verda? Ein reflekterande tekst om krig, fred og politiske prisar.*

SKRIVEEMNE 2: Er det mogleg å sjå for seg ei verd utan krig? Ta utgangspunkt i samtalen du hadde med læringspartnaren din, og skriv ein tekst med tittelen: *Ei verd utan krig?*

Skrivetips for reflekterande skriving

- Innlei gjerne teksten med nokre spørsmål du ønsker å tenke rundt.
- Utforsk dine egne tankar: Kva meiner eg, og kvifor meiner eg dette?
- Utforsk andre synspunkt og still kritiske spørsmål til dine egne tankar.
- Tenk at målet er å vere meir bevisst på kva du tenker om spørsmålet etter at du er ferdig med å skrive, og at du tenker noko anna eller noko meir.